



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring skuleåret 2019-2020

Sogn og Fjordane fylkeskommune



Innhold

1. Innleiing	1
2. Nasjonale og lokale føringar	3
3 Prioriteringar	4
3.1 Kompetanse for kvalitet – dei statlege vidareutdanningsordningane	4
3.1.1 Vidareutdanning av leiarar	5
3.1.2 Vidareutdanning for lærarar	5
3.1.3 Vidareutdanning i karriererettleiing	6
3.1.4 Lærarspesialistutdanning	6
3.2 Nasjonale etterutdannings-satsingar	6
3.3 Desentralisert kompetanseutvikling	6
3.4 Fylkeskommunale etterutdanningstiltak	7
Leiing	7
3.4.1 Rektornettverk	7
3.4.2 Leiarutdanning	7
Opplæring	7
3.4.3 Skulebasert profesjonsutvikling	7
3.4.4 Etterutdanning av rådgjevarar	8
Fag- og yrkesopplæringa	8
3.4.5 Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa	8
3.3.6 Etterutdanning av faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder	8
3.3.7 Etterutdanning i realkompetansevurdering	9
4 Økonomiske konsekvensar	9
4.1 Fylkeskommunal finansiert etterutdanning:	9
4.2 Statleg finansierte vidareutdanningar	10

1. Innleiing

Den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane har som eitt av sine overordna mål at elevar og lærlingar skal ha den kvalitativt beste opplæringa. Den vidaregåande opplæringa skal ta vare på mangfaldet hjå elevar og lærlingar, og gi dei eit godt grunnlag for livslang læring i møte med endringar i framtida. Elevane og lærlingane sine behov og interesser skal ivaretakast, og dei skal utvikle evne til refleksjon og kritisk tenking. Det skal leggast vekt på at opplæringa er relevant for deira aktive deltaking i samfunnet, i arbeidslivet og i høgare utdanning. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma må derfor ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande programma må legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Høg og relevant kompetanse hjå lærarar, instruktørar og skuleleiarar er ein føresetnad for å nå måla for sektoren. Kompetanseplanen gjer greie for rammer og tiltak for kompetanseutvikling for aktørar i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune skuleåret 2019-2020.

Fylkesdirektøren legg opp til deltaking i den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet» for vidareutdanningar. Der har kompetanseutvikling i grunnopplæringa framleis høg prioritet. I tillegg omfattar satsinga etter- og vidareutdanning for leiarar og pedagogisk personale. Nytt for studieåret 2019-2020 er at kompetanseutviklingstilboda i yrkesfaga vert inkludert i same søknadsprosedyre.

Frå 2019 vil det vere to parallelle desentraliserte statlege ordningar for midlar til etterutdanning for tilsette i vidaregåande opplæring. Det gjeld midlar til kompetanseutvikling for lærarar som underviser på studieførebuande som vert fordelt via fylkesmannen og midlar til kompetanseutvikling for fag- og yrkesopplæringa som går direkte til fylkeskommunen.

Dei desentraliserte kompetanseutviklingsmidlane set krav om samhandling med relevante aktørar og det er krav om eigenandel for å få tildelt midlar. Denne eigenandelen kan finansierast av dei fylkeskommunale kompetanseutviklingsmidlane der satsingane lokalt samsvarar med dei statlege føringane.

Dei fylkeskommunale kompetanseutviklingsmidlane vert i planen hovudsakleg nytta til skulebasert profesjonsutvikling og oppfølging av yrkesfaglærarløftet. Det er eit mål å auke den kollektive samarbeidskulturen og å ha systemmerksemd til beste for elevane. Samfunnskontrakten set krav om eit tett skule- arbeidslivssamarbeid som det her vert lagt opp til. Ikkje minst vil det vere ei stor satsing på opplæring, oppdatering av instruktørar og prøvenemnder i høve fagfornyninga som vert innført i 2020.

Målgruppa for planen er skuleleiarar, pedagogisk personale i skulen, tilsette i PPT, fagopplæringa og vaksenopplæringa.

2. Nasjonale og lokale føringar

Plan for kompetanseutvikling i vidaregåande opplæring 2019-2020 er forankra i følgjande grunnlagsdokument:

- Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2022
- Mål- og strategiplan for 2018-2021 «Mot nye høgder»
- Kompetanse for kvalitet – Strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025
- Lærarløftet- på lag for kunnskapsskolen
- Yrkesfaglærarløftet – strategi for kompetanseutvikling for yrkesfaglærere
- Stortingsmelding 28 (2015- 2016) Fag - Fordypning - Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet.
- Strategi for etter- og vidareutdanning i PP-tenesta (SEVU-PPT 2013-2018)

Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018-2022 dannar grunnlag for kompetanseutviklinga i fylket. Den syner kva tiltak fylkeskommunen som skuleeigar vil satse på for å gi det pedagogiske personalet den naudsynte kompetanse dei har behov for. Både for å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen.

Mål- og strategiplan for 2018-2021 «Mot nye høgder» gir rammer, retning og verdigrunnlag for kvaliteten på opplæringa i Sogn og Fjordane. Elevane og lærlingane i Sogn og Fjordane skal ha den beste opplæringa, ha eit breitt tilbod og ei heilskapleg opplæring. Samtidig som den vidaregåande opplæringa skal vere ein viktig regional aktør. Dette skal vi nå ved:

- tydeleg leiing
- tilpassa, variert og relevant opplæring
- tett samhandling mellom interne og eksterne aktørar i fag og yrkesopplæringa

Kompetanseutviklinga i den vidaregåande opplæringa skal bygge opp under desse satsingane. Det skal danne grunnlag for kva kompetanse som skal styrkast i skulane våre og for val av område for kompetanseutvikling. Samstundes skal dei nasjonale krava til kompetanse stettast.

Lærarløftet - på lag for kunnskapsskolen, set krav om at lærarar skal ha minimum 60 studiepoeng fordjuping i fag som dei underviser i. Den einskilde skule må sikre at dei har lærarar med relevant fagkompetanse i alle fag. Lærarløftet set også krav om auka satsing på etter- og vidareutdanning og skulebasert utviklingstiltak.

Satsinga *Yrkesfaglærarløftet– for fremtidens fagarbeidere*, har som mål å betre kvaliteten på yrkesfagopplæringa. Det skal vere auka merksemd på rekruttering av fagarbeidarar med relevant kompetanse til læraryrket og syte for at dei får pedagogisk kompetanse (PPU-Y). Vidare krev satsinga at yrkesfaglærarane skal ha tilbod om gode etter- og vidareutdanningstilbod og at dei har eit godt samarbeid med arbeidslivet.

Regjeringa vil også gjere etter- og vidareutdanningsmateriell for instruktørar meir tilgjengeleg. Der er hensikta å gi dei meir kompetanse i bruk av læreplan, rettleiing og tilpassa opplæring. Det vert også

vurdert kompetanseutviklingstilbod for prøvenemnder der målet er å oppnå ei meir samstemt vurdering for kandidatar til fag- og sveineprøvar i heile landet.

Stortingsmelding 28 (2015- 2016) Fag - Fordypning - Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet føreslår ei fornying av faga i skulen. Læreplanane skal ikkje lenger vere så omfattande som i dag, dei skal få tydeligare prioriteringar og det skal vere tid til fordjuping og forståing, meir djupnelæring. Det vert samstundes i den overordna delen av læreplanverket løfta fram tre tverrfaglege tema som skal prioriterast: (i) demokrati og medborgarskap, (ii) bærekraftig utvikling og (iii) folkehelse og livsmestring.

Dei nye læreplanane skal takast i bruk skuleåret 2020/2021, medan arbeidet med dei nye læreplanane skal lagast ferdige skuleåret 2019/2020.

Strategi for etter- og vidareutdanning i PP-tenesta (SEVU-PPT, 2013-2018) er retta mot leiarar og rådgjevarar i PPT. Den har som mål å styrke dei tilsette sin kompetanse og bidra til auka fokus på systemretta arbeid i PPT. Denne satsinga vil frå 2019 vidareførast i kompetanse for kvalitet satsingane.

3 Prioriteringar

Det er statlege ordningar for finansiering av kompetanseutvikling i grunnopplæringa og i dei nasjonale satsingane. I tillegg gir Sogn og Fjordane fylkeskommune tilbod om kompetanseutvikling etter fylkeskommunalt finansierte ordningar. Fleire av ordningane er ein kombinasjon av statlege og fylkeskommunale midlar. Kven som vert prioritert til dei ulike ordningane er avhengig av kva behov som er kartlagd.

Det er avgjerande at dei som driv vidaregåande opplæring har ei aktiv og medveten haldning til kva kompetanse dei har og kva type kompetanse dei treng.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilbod om kompetanseutvikling etter tre ordningar.

3.1 Kompetanse for kvalitet – dei statlege vidareutdanningsordningane

3.2 Nasjonale etterutdanningssatsingar

3.3 Desentralisert kompetanseutvikling

3.4 Fylkeskommunale etterutdanningstiltak

Med vidareutdanning meiner vi her kompetanse som gir studiepoeng medan etterutdanning i denne samanheng er kompetanseutvikling som ikkje gir studiepoeng.

3.1 Kompetanse for kvalitet – dei statlege vidareutdanningsordningane

Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærarar har som mål å styrke læringa til elevane og gjere dei rusta for livslang læring, framtidig arbeidsliv og til aktiv deltaking i samfunnet.

Satsinga på vidareutdanning skal:

- auke fagleg og didaktisk kompetanse for lærarar og styrke leiarfagleg kompetanse
- vere eit tilbod særleg tilrettelagt for skuleeigar slik at dei kan oppfylle kompetansekrava for undervisning i engelsk, norsk og matematikk
- utvikle kollektiv læring og bidra til utvikling av profesjonsfellesskap på den einskilde skule

Målgruppa for vidareutdanninga er lærarar i heile grunnopplæringa, kulturskulelærarar og skuleleiarar. Ordninga gjeld leiarar og lærarar som er i fast arbeid.

3.1.1 Vidareutdanning av leiarar

Rektorutdanning er vidareutdanningstilbod til skuleleiarar i grunnopplæringa gjennom den statlege ordninga. Vi har i fleire år hatt tilsette som har teke denne utdanninga og det har vore prioritert frå fylkesdirektøren.

Vi har 4 søkjar til denne ordninga.

3.1.2 Vidareutdanning for lærarar

Lærarane kan velje mellom fire vidareutdanningsordningar:

- Ordinær vidareutdanningsordning med vikar.
- Ordinær vidareutdanningsordning med stipend.
- Yrkesfaglærarløftet – vidareutdanning for yrkesfaglærarar
- PPU/PPU-Y (praktisk pedagogisk utdanning) med stipend.

Vikarordning

Skulen får utbetalt kr 255 000 for lærarar som tek 30 studiepoeng i matematikk eller naturfag. Lærarane vert frikjøpte frå dei ordinære arbeidsoppgåvene med 37,5 % av full stilling og dei statleg midlane dekkjer 100% av dette frikjøpet. For andre fag får skulen eit tilskot på kr 204 000, medan fylkeskommunen dekker mellomlegget. Fylkeskommunen gir i tillegg tilskot til reise, opphald og skulemateriell.

Vi har 31 søkjarar til denne ordninga.

Stipendordning

Lærarar som tek 30 studiepoeng eller meir på eitt studie år, kan søke om kr 116 000 i stipend. Det skal lagast avtale mellom rektor og lærar som syner korleis skulen vil tilrettelegge for studiet og korleis stipendmidlane skal nyttast. Fylkeskommunen gir i tillegg tilskot til reise, opphald og skulemateriell og dekker vikar til lesedagar og eksamensdagar.

Vi har 2 søkjarar til denne ordninga.

Yrkesfaglærarløftet – vidareutdanning for yrkesfaglærarar

Det vert tilbydd kompetanse retta mot yrkesfaglærarane som profesjonsutøvarar, samt fagleg og didaktisk kompetanse. For skuleåret 2019/2020 vil Høgskulen på Vestlandet tilby følgjande fag for yrkesfaglærarar i vårt fylke:

- Framtidas skule/ 21st century skills (for Bygg- og anleggsteknikk, Teknikk og industriell produksjon og Elektrofag)
- Omsorgsteknologi (for Helse- og oppvekstfag)
- Yrkesfagleg kompetanse i breidde og djupne

Skuleeigar søkjer midlar gjennom stipend- og vikarordninga for desse utdanningane.

Vi har 12 søkjarar til denne ordninga.

Praktisk pedagogisk utdanning (PPU/PPU-Y) og yrkesfaglærarutdanning

Skuleeigar kan søkje stipend hjå Utdanningsdirektoratet for tilsette i undervisningsstillingar som ikkje stettar dei formelle krava til å undervise i vidaregåande skule. Fylkeskommunen gir tilskot til reise, opphald og skulemateriell.

Vi har 19 søkjarar til denne ordninga for 2019, av desse har 2 søkt yrkesfaglærarutdanninga.

3.1.3 Vidareutdanning i karriererettleiing

Det er tilbod om studium i karriererettleiing. Dette studietilbodet er finansiert gjennom stipendordninga i «Kompetanse for kvalitet» og gjennom fylkeskommunale midlar.

Vi har 2 søkjarar til denne ordninga 2019 og 1 som er i utdanningsløp.

3.1.4 Lærarspesialistutdanning

Med lærerspesialistordninga ynskjer departementet å gi dyktige lærarar ein alternativ karrieremoglegheit i skulen. Lærarar som utdannar seg til lærarspesialistar skal bidra til å styrke det kollektive profesjonsfellesskapet på skulen og til å utvikle skulen som lærande organisasjon.

Vi har 1 søkjar til dette studiet dette året og 1 som er i utdanningsløp.

3.2 Nasjonale etterutdanningssatsingar

Regjeringa har som mål å førebygge rekruttering til valdelig ekstremisme. Det er behov for meir kunnskap, meir samarbeid og betre koordinering av arbeidet på området. Innsatsen må styrkast på tvers av fagområde og samfunnssektorer.

Fylkesdirektøren har søkt om midlar til kompetanseheving av lærarar i arbeid mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme.

3.3 Desentralisert kompetanseutvikling

Nytt av året er at det frå 2019 vil vere to parallelle ordningar for midlar til etterutdanning i vidaregåande opplæring. Begge ordningane er desentraliserte ordningar som føreset samarbeid med aktuelle eksterne samarbeidspartar. Fylkesdirektøren er positiv til den statlege innretninga som i stor grad bygger på etablerte strukturar i Sogn og Fjordane. I ordninga ligg det ei erkjenning av at lokalt handlingsrom og kopling til mål og strategiar lokalt er viktig for å lukkast med kvalitetsutviklingsarbeidet. Utdanningsdirektoratet skriv om ordningane:

«Desentralisert ordning skal bidra til å gjøre utviklingsarbeidet mer forutsigbart og langsiktig for både skoleeiere, universitet og høyskoler. Utviklingsarbeidet skal bygge på utfordringer den enkelte skole eller kommune/fylkeskommune har, og føre til bedre læring for elevene.»

Den eine ordninga skal brukast til tiltak som bidreg til at skuleeigar kan nå måla i grunnopplæringa om:

- Elevane skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Elevane skal meistre grunnleggjande ferdigheiter og ha god fagleg kompetanse
- Fleire elevar og læringar skal gjennomføre vidaregåande opplæring

Det er fylkesdirektøren si vurdering at måla samsvarar godt med satsingane i «Mot nye høgder».

Ordninga føreset at tiltaka vert prioritert i eit samarbeidsforum med kommunane og lokal høgskule. Midlane i ordninga vert fordelt via Fylkesmannen og det er krav om at skuleeigar bidreg med eigenfinansiering på 30 % av statlege midlar.

Den andre ordninga er desentralisert ordning for kompetanseutvikling i yrkesfaga. Ordninga skal stimulere til langsiktig og styrka samarbeid om kompetanseutvikling mellom fylkeskommunar, vidaregåande skular, arbeidslivet og andre aktuelle samarbeidspartar. Målgruppene for ordninga er lærarar som underviser på yrkesfaglege utdanningsprogram, instruktørar og faglege leiarar i bedrift og prøvenemndsmedlemmar. Fleire av dei nasjonale etterutdanningstiltaka vert fasa ut og vidareført

lokalt. Det gjeld ordningane; hospitering og fagleg oppdatering i regi av arbeidslivet, kursing av prøvenemnder, instruktørar og faglege leiarar i lærebedrifter og etterutdanningstilbod i yrkesfaga.

Midlane blir tildelt fylkeskommunane som skal etablere eit samarbeidsforum der ein i samarbeid med relevante aktørar i yrkesopplæringa skal bli samde om korleis dei statlege midlane skal brukast. Det er eit krav om at fylkeskommunane bidreg med eigne ressursar.

Begge dei desentraliserte kompetanseutviklingsordningane set krav om eigenandel. Denne kan finansierast av dei fylkeskommunale kompetanseutviklingsmidlane. Ved kople dei fylkeskommunale etterutdanningstiltaka opp mot dei desentraliserte ordningane vil ein løyse ut meir midlar til etterutdanning. Sidan ordningane er nye har det på noverande tidspunkt ikkje vore mogleg å gjennomføre prosessar med dei eksterne samarbeidspartane i ordningane. Fylkesdirektøren ønskjer et fylkeskommunen skal vere open for innspel i desse foruma og ber difor om mynde til å kunne omdisponere midlane mellom dei ulike etterutdanningstiltaka.

3.4 Fylkeskommunale etterutdanningstiltak

Skulen og lærebedrifta sin kjerneaktivitet er å fremje læring og danning. Opplæringa skal gjennom trivsel og mestring gi gode vekstvilkår for læring. Det krev lærarar og instruktørar som har god elevkunnskap, er metodisk og fagdidaktisk dyktige, og som deltek og bidreg i profesjonsfellesskapet. Dette vil fylkeskommunen bidra til med sine etterutdanningstiltak. Ved å utvikle kollektive samarbeidskulturar og å ha systemmerksemd er målet å utvikle vellukka endringsprosessar, til beste for elevar og lærlingar.

Dei fylkeskommunale etterutdanningstiltaka skal vere få og gjennomgåande, dei skal vere overordna samtidig som dei gir plass til lokal handlingsfridom. Tiltaka skal vere retta mot dei tre kjerneområda; leing, opplæring, fag- og yrkesopplæring, som mål og strategiplan «Mot nye høgder» legg opp til.

Leing

3.4.1 Rektornettverk

Det er etablert eit strukturert nettverk for rektorane i tillegg til faste rektormøte. Nettverket er fagleg relevant, der formålet er å støtte opp under rektorrolla. Der vert lagt vekt på refleksjon og erfaringsdeling.

3.4.2 Leiarutdanning

Rektorutdanninga er gratis, men skulane kan ikkje søke statlege midlar for å dekke kostnadane med reise og opphald. Dette vert dekkja gjennom fylkeskommunale midlar med kr 50 000 i året til kvar leiar.

Vi har fire søkjar til denne ordninga.

Opplæring

3.4.3 Skulebasert profesjonsutvikling

Fylkesdirektøren har etablert skulevurdering som ein del av kvalitetssystemet. Vurderinga tek utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin metode for ekstern skulevurdering. Skulevurdering er pedagogisk utviklingsarbeid som baserar seg på kvalitetsutvikling utifrå eit område som lærarane har bestemt. Området vert bestemt med bakgrunn i resultat frå ståstadsanalysen og elevundersøkinga. Skulevurdering er ein del av fylkesdirektøren sitt arbeid med å vere tett på skulane.

Prioriteringane og satsingane skal skje gjennom skulebasert profesjonsutvikling, profesjonsutvikling gjennom kollektive prosessar. Skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid i etterkant av skulevurdering, er finansiert av fylkeskommunale midlar.

3.4.4 Etterutdanning av rådgjevarar

Fylkesdirektøren vil arbeide for at rådgjevarenettverka i fylket utarbeidar ein felles plattform og eit felles verktøy for ein heilskapleg karriererettleiing frå 8. – 13. årssteg. I tillegg arrangerer fylkeskommunen næringsreiser slik at rådgjevarane har kunnskap om lokalt næringsliv. Det vert gjennomført samlingar med tema om yrkes- og utdanningsmoglegheiter og rettleiingsmetodar.

Fag- og yrkesopplæringa

3.4.5 Etterutdanning i fag- og yrkesopplæringa

Fagnettverk

Det vert jobba med å fornye alle læreplanane i vidaregåande opplæring. Innhaldet i dei gjennomgåande faga og faga på studieførebuande vil få nytt faginnhald, medan det på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vil bli nokre nye fag og nokre som vert slegne saman. Det er etablert fagnettverk innafor både yrkesfaglege - og studieførebuande utdanningsprogram. Arbeidet med fagfornyninga har starta, men aktiviteten vil auke vesentleg dette året, då innføringa vil starte frå skulestart 2020. Strategien er at læreplanane i større grad skal tolkast, forståast og utarbeidast lokalt.

Fagnettverka sitt arbeid skal bidra til kompetanseutvikling innanfor ulike utdanningsprogram i tråd med nasjonale og lokale føringar. Nettverka skal utviklast som kjelde for kunnskapsdeling og kompetanseheving.

Vi vil i tillegg delta i ein nettbasert kompetansepakke som skal være tilgjengelig for alle skuler på Utdanningsdirektoratet sine sider. Det vil bli laga kompetansepakkar tilpassa desentralisert ordning for kompetanseutvikling, som vi vil prioritere.

Hospitering

Hovudmålet for deltakarane som nyttar hospiteringsordninga er å:

- fornye og auke programfaglærarane sin kompetanse i eige fag, samt gje innsikt i andre fag i eige programområde/utdanningsprogram
- auke instruktørane/faglige leiarar sin kompetanse i den rollen dei har som rettleiarar for elever/lærlingar ute i bedrift i tråd med læreplanar og forskrifter i Kunnskapsløftet
- auke og vidareutvikle samarbeidet skule – arbeidsliv og sjå opplæringa i eit fireårig løp

Etablering av nettverk mellom skule og bedrift er avgjerande for at vi skal lukkast med målet om fleire læreplassar, kompetanseheving og sjå heilskapleg på det fireårige opplæringsløpet. Fylkesdirektøren har lyst ut midlar til Lektor 2 ordninga for yrkesfagleg utdanningsprogram, der fagpersonar frå næringslivet gir opplæring til elevar på yrkesfag og der lærarane kan hospitere i bedrifta. Desse lærarane vil bli prioritert ved tildeling av hospiteringsmidlar, saman med dei som tek vidareutdanninga «Yrkesfagleg breidde og djupne» som må hospitere i praksisdelen av studiet.

3.3.6 Etterutdanning av faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder

Fylkeskommunen skal tilby fagleg oppdaterte kurs til faglege leiarar og instruktørar. Fagfornyninga vil gjere at alle faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder vil ha behov for oppdatering og opplæring i dei nye læreplanane. Prøvenemndene sine vurderingskriterium og dokumentasjonskrav skal utviklast og vidareformidlast til faglege leiarar og instruktørar. Prøvenemndene skal skulerast og gjerast tryggare på sensorrolla.

3.3.7 Etterutdanning i realkompetansevurdering

Fylkesdirektøren for opplæring vil prioritere etterutdanning for fagkonsulentar i vidaregåande opplæring for vaksne. Dette kan også vere vidareutdanningar eller lokale/regionale etterutdanningstiltak i samarbeid med andre fylke.

4 Økonomiske konsekvensar

Dette kapittelet gir ei oversikt over prioriterte tiltak og økonomi for 2019/20.

4.1 Fylkeskommunal finansiert etterutdanning:

Målområder	Tiltak	Kostnadsramme : 2 635 000
------------	--------	---------------------------

Skulane sitt utviklingsarbeid		
Skulebasert profesjonsutvikling	Oppfølging av skulevurdering. Profesjonsutvikling gjennom kollektive prosessar.	Kr 500 000
Oppfølging yrkesfaglærer løftet		
Samfunnskontrakten Lokale nettverk	Skule – arbeidslivssamarbeid Arbeid i fylkesdekkande fagnettverk Tolking, forståing og implementering av nye læreplanar.	Kr 300 000
Fag- og yrkesopplæring	Støtte til dei som tek etterutdanning «yrkesfagleg breidde og djupn» for å gjennomføre praksiskravet i utdanninga. Midlar til faktiske kostnadar for å gjennomføre praksiskravet i utdanninga Hospiteringsmidlar, i samband med lektor 2 satsinga	Kr 300 000 Kr 100 000
Faglege leiarar/instruktørar og prøvenemnd	Opplæring og oppdatering. Nye prøvenemnder som skal vere operative frå 2020 skal prioriterast.	Kr 800 000
Etterutdanning i realkompetansevurdering	Etterutdanning av fagkonsulentar	Kr 150 000

Rektorutdanning	Inntil kr 50 000 i støtte til leiarar som tek rektorutdanning/ leiarutdanning.	Kr 200 000
-----------------	--	------------

Nettverk

Rektornettverk	Faglig kompetanseutvikling for rektorar	<i>Finansiert av avsette fondsmidlar</i> Kr 200 000
Fagnettverk	Fagfornyng	<i>Finansiert av restmidlar frå tidlegare statlege tilskot</i> kr 1.200.000
Rådgjevarar/OT	Heilskapleg karriererettleiing frå 8. – 13. årssteg	Kr 135 000
Minoritetsspråkleg og vaksenopplæring	Deltaking i tverretatlege nettverk	Kr 150 000

4.2 Statleg finansierte vidareutdanningar

Målområder:	Tiltak:	Kostnadsramme:
-------------	---------	----------------

Vidareutdanning med statleg frikjøp eller stipend	Vidareutdanning innanfor fagområde skulen har behov for	Søkt om statlege midlar: Kr 3 082 500
Vidareutdanning av yrkesfaglærarar gjennom statleg stipendordning	Utdanning knytt til yrkesfaglege utdanningsprogram	Søkt om statlege midlar: Kr 765 000
PPU/PPU-Y /YFL	Vidareutdanning for lærarar utan godkjent pedagogisk utdanning og yrkesfaglærarutdanning.	Søkt om statlege midlar: Kr 1 210 000
Skuleleiarutdanning	Nasjonal rektorutdanning for skuleleiarar	Statleg vidareutdanning der skulane sjølve dekker kostnadane.
Lærarspesialistutdanning	Vidareutdanning av lærarar som skal bidra til å styrke det kollektive profesjonsfellesskapet på skulen.	Søkt om statlege midlar: Kr 204 000

Samla kostnader til vidareutdanning og etterutdanning:

Vidareutdanning og etterutdanning	Kr 9 096 500
-----------------------------------	--------------

Finansiering av vidareutdanning og etterutdanning:

Statlege midlar*:	Kr 5 261 500
Fylkeskommunale budsjettmidlar:	Kr 2 635 000
<i>Eigne fondsmidlar/rest statleg tilskot:</i>	<i>Kr 1 400 000</i>

* I tillegg kjem midlar til desentralisert kompetanseheving, tildelinga er ikkje klar p.t.